



Arkivsaknr: 2025/2076-2
Sakshandsamar: Tove Mette Arnø Fyllingen
Avdeling: Politisk sekretariat

SAKSFRAMLEGG

Søknad om permisjon - medlem forliksrådet

Utvalssak	Utval	Møtedato
	Valnemnd	
	Kommunestyret	

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Det vert ikkje innvilga permisjon frå verv som medlem i forliksrådet.

Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i valnemnda

Saka skal avgjerast i kommunestyre

Saka gjeld

Kristina Vakt skjold Hamre vart vald som medlem til forliksrådet for perioden 01.01.2025 – 31.12.2028.

Hei, søker med dette permisjon frå rolla mi i forliksrådet fram til 1. august 2025. Dette på bakgrunn at eg arbeider med innspurten på doktorgrad spesielt dette vår semesteret. Heilt presis søker eg permisjon frå 1. januar 2025 til 1. august 2025.

Saksopplysningar

Etter domstollova § 74 kan ein person krevje seg fritaken frå val dersom helsetilstanden eller andre særlege grunnar tilseier det, eller vedkomande har vore medlem av forliksrådet i to periodar tidlegare.

Lova seier ingenting om permisjonar, men at ein kan krevje seg fritatt om helsetilstand og andre særlege grunnar tilseier det.

Arbeidet med doktorgrad var kjent på det tidspunktet medlemmet vart førespurd om å påta seg verv som medlem i forliksrådet.

Vedlegg

- 1 RE: Søknad om permisjon - forliksrådet
- 2 Søknad om permisjon - forliksrådet
- 3 Retningslinjer for valg av forliksrådsmedlemmer og skjønnsmedlemmer for periode.pdf.pdf